

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 10. 2016	
Arkivsaknr. 15/648	Saksnr.
Saksf.	Tilgjengskode

Seim, 13.10.2016

BYGDEBOK FOR ALVERSUND: SØKNAD OM FINANSIERING

Arbeidsgruppa for *Bygdebok for Alversund* takkar for tilsegna frå desember 2015 om kr 850 000 i tilskot.

Arbeidsgruppa har i år fått tilsegn om gåver på til saman kr 360 000, og søker med dette om at Lindås kommune i tillegg løyver kr 1 490 000 fordelt frå 2. kvartal 2017 og 3 år frametter, til skriving og redigering av bygdebok (gards- og busetjingshistorie) for Alversund.

Budsjett, kostnader

Aktivitet	Omfang	Kostnad
Innsamling av oppdateringar/opprettingar og nyare persondata (dugnad)	Ca. 1,0 årsverk à kr. 400.000	400.000
Innsamling av foto/redigering (dugnad)	Ca. 0,5 årsverk à kr. 500.000	250.000
Løn til bokskrivar inkl. sosiale utgifter	Ca. 3,0 årsverk à kr. 900.000	2.700.000
Sum kostnader		3.350.000

Budsjett, finansiering

Dei to første postane i kostnadsoverslaget vil verta utført av lokale frivilljuge, og vert bygda sin dugnadsinnsats.

Kostnad med bygdebokskrivar, 3 årsverk		2 700 000
Tilsegn 2015 frå Lindås kommune	850 000	
Tilsegner frå andre kjelder	360 000	
Søker ny tilsegn frå Lindås kommune	1 490 000	
Samla kostnad og finansiering av bokskrivarløn	2 700 000	2 700 000

Når manus til boka er ferdigstilt, vil kostnader med å produsera den fysiske boka kunna fastsetjast, og arbeidsgruppa vil koma attende til dette då.

Bakgrunn:

Me viser til orientering om prosjektet i møte med ordførar, gruppeleiarar og partigrupper i 2015 og 2016.

Alversund er no den einaste av sokna i Lindås kommune som ikkje har bygdebok for tida etter 1814. I Hjelmtveit *Alenfit I* er soknet dekt fram til 1814.

For tida etter 1814 ligg det føre tre utkast til manus for Alversund sokn:

- Uferdig utkast til manus frå Nils Hodnesdal m.fl., 1814 – ca. 1975.
- Hermann Kahrs Sellevold gjorde eit stort arbeid med eit svært breitt grunnlag for bygdebok fram til om lag 1970. Dette arbeidet er uredigert og heller ikkje ferdigstilt, men ordna og trykt opp om lag slik det låg føre då Sellevold gjekk bort i 1982.
- I seinare år har Ragnvald Seim på eige initiativ gjort eit stort innsamlingsarbeid på reine persondata fram til ca. 1990.

Fondsstyret for bygdebok for Alenfit skipreide saman med Inge Alver, som representant for Hermann Kahrs Sellevoll og Ragnvald Seim sitt materiale, har hausten 2014 gjort ei vurdering av desse tre kjeldene og konkludert med at dei til saman utgjer eit breitt grunnlag for utarbeiding av bygdebok, i alle fall for tida fram til om lag 1970.

Desse arbeida vil spara 2 årsverk for arbeidet mot ei ferdig bygdebok, til eit verdi av 1,8 mill. kroner.

Med helsing

Arbeidsgruppa for bygdebok for Alversund


Inge A. Alver Lars Kvamme Jostein Mykletun Kåre Jordal

Vedlagt følgjer ny framdriftsplan for arbeidet med bygdebok for Alversund.

FRAMDRIFTSPLAN

Plan for arbeidet med bygdebok for Alversund 1814 - 2014

Mål

Utarbeida bygdebok for Alversund sokn for tida frå 1814 til 2014.

Organisering

- Styringsgruppe på 3-5 personar.
- Redaktør
- Frivillige medarbeidarar som kan henta inn opplysningar frå dei ulike gardane og bruka. 15 personar har avtale om dette.
- Andre tilknytte med kompetanse på einskildtema.

Arbeidsoppgåver

- Avklara finansiering av arbeidet.
- Engasjera bokskrivar for arbeidet i prosjektstilling – bør ha god kjennskap til slikt arbeid og kjenna distriktet godt.
- Konstituering av prosjektet
- Laga eit sams grunnlag frå dei 3 datakjeldene som ligg føre og gjera den tilleggsinnsamlinga som trengst.
- Avklara kor omfattande boka skal vera med omsyn til fritidsbustader, leigetakarar, leigefolk m.m.
- Innhenta persondata frå tida etter 1970 (1950). Dette vert svært omfattande med den store utbygginga som har kome i Alversund i denne perioden.
- Innsamling av foto frå gamal og nyare tid.
- Oppdatera historia om det mangearta næringslivet som var her i tillegg til jordbruket.

Framdrift

- | | | |
|--|------------|------|
| • Avklara finansiering | 4. kvartal | 2016 |
| • Konstituering | 1. halvår | 2017 |
| • Engasjera redaktør (bokskrivar) | 2. kvartal | 2017 |
| • Starta innsamling og oppdateringar | 4. kvartal | 2017 |
| • Framhald innsamling, kontroll og oppdatering fram til | 3. kvartal | 2019 |
| • Ferdiggjering av materialet, kontroll, trykking fram til | 3. kvartal | 2020 |

Ein meir detaljert framdriftsplan vil bli utarbeidd når redaktør er på plass.

Arbeidsgruppa, oktober 2016